

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2023

Årsmeldinga vart godkjent på årsmøtet 14.03.2024.

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kantor si stilling. Frå hausten 2019 har sjølve undervisingsdelen til barnekoret blitt kjøpt gjennom Ullensvang kulturskule, sidan kantorstillinga i Jondal sokn vart redusert i koråret 2019/2020.

*Korforbund

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på ca 330 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreiff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornøya.

2023

Korarbeidet Solstråla er fleksibelt og vert til ei kvar tid lagt opp etter kva arbeidsressurs ein har tilgjengeleg i kombinasjon med kva barnekull ein har i målgruppa.

Solstråla hadde dette året øving tysdagar for aldersgruppa 6-10år, 13 songarar var aktive i vårsemesteret, aldersgruppa var 1-4.kl. Haustsemesteret byrja Solstråla 7 songarar i alderen 2-4.kl., då 5kl. ikkje vart med vidare etter sommarferien. Utover hausten fann fleire, også førsteklasingar, ut at dei ville vere med, og totalt 14 songarar var aktive hausten 2023

21 born betaler kontingent til Solstråla for 2023.

Solstråla hadde i bank pr.31.12, kr. 49154,66

Året starta med øving 10.januar og vi hadde ei songstund på Vikevollen i januar. Søndag 26.mars song vi på Maria Bodskapsdag i Jondal kyrkje. Torsdag 4.mai var det kyrkjespel i Jondal kyrkje saman med konfirmantkoret og Jondal Grendakor + musikarar. Solstråla song på 17.mai-gudstenesta, og så avslutta dei semesteret med ei songstund på Vikevollen 1.juni, før dei reiste vidare til sommarkonsert i Hardanger Kulturgalleri same kveld. Den planlagde overnattinga på Kvåle blei utsett til hausten, slik at overnattinga vart for dei som vart med i koret vidare. Første opptreden på hausten var Hausttakkefesten 1.oktober. Og 5.oktober hadde dei songstund på Vikevollen. Og fredag 27.oktober var Solstråla med på to konsertar i multisalen i samband med opninga av siste byggetrinn på Jondal skule. 1.november vart det overnattingsbesøk på Kvåle, og 16. november fekk Vikevollen besøk på nytt. 19.november var nokre songarar med på konsert i Utne kyrkje saman med Per Oddvar Hildre, Hardanger KorAkademi og Utne barnekor & ungdomskor. Ljosmessa var 3 desember, 14.desember på kulturskulens julekonsert i Amfisalen og 7.desember song Solstråla julesongane sine på Vikevollen. Søndag 17.desember var det adventskonsert i Jondal kyrkje. Og semesteravslutning vart juleaftagudstenesta i Jondal kyrkje 24.desember kl.14.

Solstråla hadde 36 øvingsdagar. Solstråla var lokal arrangør av 5 songstunder åleine, og deltok på heile 18 arrangement inklusiv 5 institusjonsbesøk og 1 korovernattingstur i 2023.

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2023

Årsmeldinga vart godkjent på årsmøtet 14.03.2024.

Styre for Solstråla 2023 valgt på årsmøtet 30.03.2023

Anne Karin Stormyr	dirigent og leiar, fast styremedlem
Synnøve Eikrem (2023-2024)	styremedlem, attval
Christine Fauskanger Molven (2023-2024)	styremedlem, attval
Åse Marit Jørgensen (2022-2023)	representant frå soknerådet, ikkje på val
Cristina Solohova (2023)	styremedlem, nyval
1.vara: Ingrid Guntveit (2023)	nyval
2.vara: Hege Brattabø (2023)	nyval
Revisor: Magnar Sollesnes (2023)	attval

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2023. Arrangementsliste med repertoaroversikt for Solstråla blir lagt ved i protokollen.